

Fjellet som bind bygdene saman

I tida etter Svartedauden låg Vats aude. Etter ei periode som stølsdal for Ål byrja folk å busetja seg i Vats att kring 1600-talet. Fjellet var det som batt bygdene saman, og det er naturleg å tru at kontakten mellom Vats og Hol vart atopp retta på denne tida. Og alle som var skikka til å gå skulle i kyrkja.

SØRE KYRKJEVEGEN
Stigen går fra fylkesveg 244 ved Toresgard, opp lia, på vestsida av Galden og Mjåvatnet og inn mot Øystlihaugen. Derifrå til Nedremyrstølen der den møter nordre Kyrkjevegen og vidare til Hol kyrkje. Denne stigen har noko stigning.

NORDRE KYRKJEVEGEN

Frå Nordheim Fjellstue går du om lag 3,5 km opp lia, gjennom skogen til Nedremyrstølen og vidare til Hol kyrkje.

Desse to stigane kan du også kombinere til éin stor rundttur. Du kan til dømes gå frå Nordheim, opp mot Nedremyrstølen til krysset med Fjellvegen, ta av til venstre om lag 3 km til Øystlihaugen og så til venstre ned til Fylkesvegen ved Toresgard, nede i bygda kan ein ta til venstre og gå bygdaløype vidare til Nordheim. Eller bruk kartet og velg rundturs sjølv!



Fylg fylkesveg 244 gjennom Vats, ta av til Randen og Nordheim Fjellstue.



God parkering ved Nordheim.




Fylkesveg – Øystlihaugen ca. 4,5 km
Øystlihaugen – Nedremyrstølen ca. 3 km
Nordheim – Nedremyrstølen ca. 3,5 km



Gamal kyrkjeveg.



God stig.



For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet, 1:50 000

